

AVISA SOM BIND NORDHORDLAND SAMAN

STRILEN

Nr. 26

Onsdag 4. mars 1998

Laussal kr. 8;



Yngst
i
landet

Side 6

Telefonar
i kø til
vaktsentralen


Side 2

Trivst
i ny
bustad

Side 7



I stolen for hjarta



Det er snakk om å oppdaga faresignal, før det er for seint. I desse dagar skal 2.000 strilar under lupa. Statens Helseundersøkelse sin blå og kvite buss er komen — og det er førtiåringane som skal granskast.

I går var det masfjordingane sin tur, og med kritisk blikk mønstra avdelingssjukepleiar Ellen Lenmo Tom Hansen (41) (biletet). Sjå side 5

REKLAME		
Skilt	Vindusdekor	T-skjorter
Bilreklame	Trykksaker	College gensere
Lyskasser	Brosjyrer	Stempel
Neon-lysskilt-	Fargekopiering	Gatebukker

REKLAMEHØSET
Knarvik

Tlf.: 56 35 19 50 - Fax: 56 35 10 20

To tusen under lupa

- Eg drikk mykje kaffi.
Heile dagen. Men til
giengjeld et eg mykje
fisk — så det jamnar
ting ut, ikkje sant?
Avdelingssjukepleiar
Ellen Lenmo er ikkje
udeit einig i konklusjo-
nen til Tom Hansen
(41) — ho hadde gjer-
ne sett at kaffiforbru-
ket hans hadde vore
mindre.

Av Kenneth Ø. Monsen

— Likevel, fisk — det er rette sorten. Det betyr Omega-3 feittsyrer som er godt for hjartet, legg Lenmo til.

Ellen Lenmo er leiar for Statens Helseundersøkelser-laget som i desse dagar rullar langs vegane i Nordhordland. I går var den blå- og kvitmåla bussen i Masfjorden. Og mange av kommunens førtiåringar såg sitt snitt til å verta pensa inn på den «smale sti» — i alle høve med omsyn til å unngå hjarte- eller karsjukdomar.

Samarbeidsprosjekt

40-årsundersøkinga er eit samarbeidsprosjekt mellom Statens Helseundersøkinger (SH), Fylkeslegen og kommunehelsesete-nesta. Formålet er å forebyggja hjarte- og karsjukdom, og alle menn i aldersgruppen 40-44 år vert inviterte til å delta. SH besøker fylka normalt med tre års mellrom, slik at alle landets førtiåringar etter kvart får tilbod om undersøking. Sjekken er ifølgje Lenmo viktig for den einskilde når det gjeld å forebyggja sjukdom. Resultata kan dessutan nyttast til statistisk og medisinsk forsking, men berre om deltakaren samtykkjer i dette.

Spøreskjemra

Om lag ei veke før undersøkinga startar, får aktuelle deltagarar ein invitasjon i posten. I vår region (med unntak av Gulen) har cirka 2.000 personar mottøke ein slik invitasjon, som òg inne-



Inn til sjekk: Førtiåringane «stod i kø» i Masfjorden i går. Alt for helsa...

held eit spøreskjemra som ein skal ta med ved frammete. På skjemaet vert ein beden om å svare på spørsmål om eiga helse og helsevanar. Ein skriv òg namnet på legen som ein ønsker skal få resultata etterpå. På sjølvundersøkinga vil ein sjukepleiar gå gjennom svara saman med deltagaren.

— Det er viktig å presisera at ein ikkje treng å svare på alle spørsmåla, dersom ein er usikker, eller ikkje vil gje opp alt. Det viktigaste er at ein møter opp, seier Ellen Lenmo.

Undersøkinga

På undersøkinga går sjukepleiarane gjennom ein helsekjøring av førtiåringen. Høgd, vekt, hofte- og livmål og blodtrykk vert målt. Det vert også teke blodprøvar for analyse av feittstoffa i blodet —

total kolesterol, HDL-kolesterol, triglyserider og blodsukker.

Alle som møter til undersøking, får etter nokre veker ein brev i posten med resultatet av undersøkinga og eventuelle personlege råd for forebyggning av sjukdom. Dersom ein finn personar med høg risiko for til dømes infarkt, vert desse tilrådd umiddelbar legeundersøking.

Etter at undersøkinga i fylket er avslutta, vert resultata samla i ein rapport, som vert eit verkty for forebyggande helse tiltak.


Omfattande

— Det vert i Noreg kalla inn om lag 40 000 personar til slike undersøkingar kvart år, seier avdelingssjukepleiar Lenmo. Ho fortel at frammoteprosenten til vanleg er god i Hordaland, mellom 70 og 90 prosent oppmøte.

— Undersøkingane tok til tidleg på syttitallet, og ein har sidan den gong opplevd at talet på 40-åringar som dør av hjarte-/karsjukdomar har vorte merkbart redusert. Dette resultatet kan i stor grad godskravast — Statens Helseforebyggning sitt arbeid, konkluderer Lenmo.


I dag står Fedje for tur til å verte besøkt av den blå-kvitte bussen. Deretter kan førtiåringane i Austrheim, Lindås, Radøy og Meland finna fram skjema og stilla seg i kø.

Ein kø for å sleppa å komma i den verkelege hjartekøen.



Fleire på vegen: — Dette er ein av tre bussar som reiser land og strand rundt for å undersøke førtiåringane. Kvar buss har fire sjukepleiarar og ein teknisk leiar om bord, seier avdelingssjukepleiar Ellen Lenmo.

Utforkøyring på Byrkjeland



RADØY: Det glatte føret ført til at ein personbil for uferd vegen og vart liggjande på taket på Byrkjeland i går ettermiddag. Det skal ikkje ha kome personar til skade i utforkøyring, som ikkje var kjend for lensmannskontoret på Radøy. (Foto: Livar Aksnes)

Galleri Peder
*Promenaden, Knarvik
 Måleri, akvarellar og repro.*

Open kl. 10 - 14